

# **Retningslinjer for salg og skjenking av alkoholholdige drikkevarer**

Løyveperioden 2020 - 2024

16.10.2020

Kommunedirektøren

# Innhold:

<b>1. Alkoholomsetningen i Bømlo kommune.....</b>	<b>4</b>
1.1. Mål.....	4
1.2. Delmål.....	4
1.3. Definisjonar.....	4
<b>2. Sals- og skjenkegebyr .....</b>	<b>6</b>
2.1. Kommunen sin bruk av sals- og skjenkegebyr .....	6
2.2. Nivået på sals- og skjenkegebyr.....	6
2.3. Innbetaling av gebyr for sals- og skjenkeløyve (fast løyve) .....	6
<b>3. Saksbehandlingsreglar og delegering av avgjerdsrett.....</b>	<b>7</b>
3.1. Overordna ansvar og delegering av avgjerdsrett .....	7
3.2. Søknadsfristar og saksbehandlingstid .....	7
3.2.1. Ambulerande løyve og skjenkeløyve for eit einskild høve .....	7
3.2.2. Søknader som kjem seinare enn desse fristane, kan ikkje rekna med avgjerd innan dato for planlagt arrangement .....	8
3.2.3. Melding om vedtak .....	8
<b>4. Sal av alkoholholdig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol.....</b>	<b>9</b>
4.1. Vidareføring av eksisterande løyve.....	9
4.2. Krav til løyvehavar, styrar og reservestyra .....	9
4.3. Tildeling av løyvet .....	9
4.4. Salstider.....	10
4.5. Villkår knytt til sal av alkoholholdig drikk med høgst 4,7 volumprosent.....	10
<b>5. Sal av alkoholholdig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent .....</b>	<b>10</b>
<b>6. Skjenking av alkohol .....</b>	<b>11</b>
6.1. Krav til løyvehavar, skjenkestyrar og reservestyra .....	11
6.2. Krav til skjenkelokale (faste løyve).....	11
6.3. Omfang av løyvet.....	11
6.4. Særlege krav for skjenking av alkoholholdig drikk med høgare alkoholinnhald enn 22 volumprosent (faste løyve) .....	12
6.5. Skjenkeløyve om bord i fartøy.....	12
6.6. Løyve for kortare tidsperiodar .....	12

---

6.7. Løyve til skjenking ved arrangement i einskilde høve.....	12
6.8. Ambulerande skjenkeløyve til slutta lag.....	13
6.9. Skjenking i kommunale lokale.....	13
6.10. Krav som gjeld orden og sosial kontroll.....	14
6.11. Skjenketider.....	14
6.12. Skjenking utandørs.....	15
6.13. Geografisk plassering.....	16
6.14. Særlege vilkår som gjeld for hotellverksemder.....	16
<b>7. Kontroll med sals- og skjenkestader .....</b>	<b>17</b>
7.1. Gjennomføring av kontrollen.....	17
7.2. Prosedyrar og tiltak ved brot på alkohollovgjevinga .....	17
<b>8. Klagebehandling .....</b>	<b>18</b>
<b>9. Krav til søknader om sals- og skjenkeløyve .....</b>	<b>18</b>

# 1. Alkoholomsetnaden i Bømlo kommune

Etter alkohollova § 1-7d skal kommunen utarbeida ein alkoholpolitisk handlingsplan. *Retningslinjer for sal og skjenking av alkoholholdige drikkevarer*, er del av denne handlingsplanen, og seier kva mål og delmål kommunen legg til grunn for alkoholpolitikken sin. Retningslinene seier også kva verkemiddel kommunen vil nytta for å nå måla.

## 1.1. Mål

Retningslinene skal legge premissane for en god handtering av kommunen sin alkoholpolitikk innafør lovverket sine rammer, og sikre at omsetnaden går føre seg i forsvarlege former, slik at;

- dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholforbruk kan føra til, blir avgrensa i størst moegeleg grad.
- omsetnaden skjer i samsvar med alkohollova og andre relevante lover, forskrifter og kommunale vedtak
- omsynet til folkehelsa skal vega tyngre enn næringspolitiske argument

## 1.2. Delmål

- Bømlo kommune vil ikkje ha for høg tettleik av skjenkestader på eit avgrensa geografisk område.
- Alle rapportar og årsmelding for kommunen sin alkoholkontroll skal kvart år leggjast fram for formannskapet. Årsmeldinga skal innehalda oversyn over talet på kontrollar som er utført pr. sals- eller skjenkestad, samt oversyn over dei avvika kontrollørane har avdekka på dei ulike sals- og skjenkestadane.
- Bømlo kommune skal følgja AV og TIL sine retningslinjer for alkoholfrie soner: trafikk, arbeidsliv, samvær med barn og ungdom, graviditet, idrett og friluftsliv, konflikhtar, båt og badeliv og sorg og depresjonar.

## 1.3. Definisjonar

Sal: «overdragelse av alkoholholdig drikk til forbruker mot vederlag for drikking utenfor salgsstedet», jf. alkohollova § 1-4 første ledd.

Skjenking: «salg for drikking på stedet. Som skjenking regnes det også når bevillingshaver vet om at det drikkes i deler av hans hus som han har rådighet over, eller på andre steder i hans besittelse, eller på husets nærmeste tilliggelser», jf. alkohollova § 1-4 annet ledd.

Bevilling: «salg og skjenking av alkoholholdig drikk som omfattes av retningslinjene, kan bare skje på grunnlag av kommunal bevilling», jf. alkoholloven § 1-4a.

Alkoholholdig drikk: jf. forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. § 1-1:

- Alkoholsvak drikk: drikk som inneheld mellom 0,7 og 2,5 volumprosent alkohol.
- Alkoholholdig drikk gruppe 1: drikk som inneheld over 2,5 og høyst 4,7 volumprosent alkohol.
- Alkoholholdig drikk gruppe 2: drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol.
- Alkoholholdig drikk gruppe 3: drikk som inneheld mellom 20 og 66 volumprosent alkohol.

---

## 2. Sals- og skjenkegebyr

### 2.1. Kommunen sin bruk av sals- og skjenkegebyr

Sals- og skjenkegebyra skal nyttast til:

- a) å dekkja kommunen sine utgifter ved ei tilfredsstillande kontrollordning,
- b) å gi opplæring/oppdatering av administrativt personale og tilsette alkoholkontrollørar,
- c) rusførebyggjande tiltak mellom barn og unge.

Rekneskapsføringa må visa tydeleg korleis sals- og skjenkeavgiftene er nytta.

### 2.2. Nivået på sals- og skjenkegebyr

Sals- og skjenkegebyr for faste løyve skal fylgja dei til ei kvar tid gjeldande satsar fastsett i forskrift.

### 2.3. Innbetaling av gebyr for sals- og skjenkeløyve (fast løyve)

Reglane om innbetaling av gebyr fylgjer av forskrift, sjå FOR 2005-06-08 nr 538, kap. 6.

#### Tidsfristar:

Løyvehavarane skal senda inn oppgåver over faktisk omsett mengd alkoholholdig drikk innan **1. mars**.

Kommunen sender ut krav om endeleg gebyr innan **30. april**. Innbetaling av gebyr skal gjerast **innan tre veker**.

#### Tilleggsgebyr

Vert gebyret ikkje innbetalt innan fristen, skal det betalast eit tilleggsgebyr på kr. 100,- + kommunalt purregebyr.

Ved brot på reglane om oppgåverrapportering eller ved manglande innbetaling av løyvegebyret til rett tid; kan kommunen inndra løyvet for kortare eller lengre tid.

## 3. Saksbehandlingsreglar og delegering av avgjerdsrett

### 3.1. Overordna ansvar og delegering av avgjerdsrett

Det lokale forvaltningsansvaret etter alkohollova ligg til kommunestyret så langt ikkje anna er fastsett i desse retningslinjene eller i det kommunale delegeringsreglementet.

#### Formannskapet

Formannskapet har i samsvar med desse retningslinjene og innafor dei rammene som ligg i Alkohollova, Kommunelova og det kommunale delegeringsreglementet, fullmakt til å gjera vedtak i alle enkeltsaker som gjeld sal og skjenking av alkoholholdige drikkevarer. Fullmakta omfattar og rett til å inndra løyve for kortare eller lengre tid.

#### Kommunedirektøren

Kommunedirektøren har innafor dette reglementet og rammene i Kommunelova og det kommunale delegeringsreglementet fullmakt til å avgjera søknader om/ gjera vedtak om:

- Løyve til sal av alkoholholdige drikkevarer gruppe 1
- Skjenkeløyve for eit einskild høve (jf. kap. 6.7 i desse retningslinjene)
- Ambulerande skjenkeløyve (jf. Alkohollova § 4-5 og kap. 6.8 i desse retningslinjene)
- Godkjenning av personar ved skifte av styrar/reservestyrar
- Reaksjonar for påvist lovbrøt/ brot på dette reglementet eller plikter som fylgjer av vilkår i løyvet jf alkohollova § 1-8 og tilhøyrande forskrift.
- Kommunedirektøren sine fullmakter kan delegerast vidare i samsvar med rammene i Kommunelova og det kommunale delegeringsreglementet.

Formannskapet skal informerast dersom kommunedirektøren gjer vedtak om inndraging av løyve.

### 3.2. Søknadsfristar og saksbehandlingstid

#### 3.2.1. Ambulerande løyve og skjenkeløyve for eit einskild høve

- Ved ambulerande løyve: Seinast ei veke før arrangementet skal finna stad
- Skjenkeløyve for eit einskild høve: Seinast to veker før arrangementet skal finna stad.

### 3.2.2. Søknader som kjem seinare enn desse fristane, kan ikkje rekna med avgjerd innan dato for planlagt arrangement

Saksbehandlingstida for faste løyve og løyve for kortare tidsperiodar (jf. kap. 6, nr. 6):

- Administrasjonen skal så raskt som mogeleg starta saksbehandlinga og henta inn uttaler frå aktuelle instansar.
- Det skal ikkje gå meir enn 60 dagar frå søknaden er motteken til endeleg vedtak er gjort.
- Administrasjonen skal orientera søkjaren dersom det vil ta særleg lang tid før avgjerd i saka kan forventast, jf. forvaltningslova § 11a, andre leden.

### 3.2.3. Melding om vedtak

Melding om vedtak i saker om tildeling av løyve etter alkohollova skal sendast til alkoholkontrollørane.



## 4. Sal av alkoholholdig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol

### 4.1. Vidareføring av eksisterande løyve

Alle salsløyve pr 30. september 2020 skal gjelda vidare for ny løyveperiode utan ny søknad om løyve jf alkohollova § 1-6, 3. ledd. Det skal gjennomførast vandelskontroll av styrar og reservestyrrar for løyvet.

### 4.2. Krav til løyvehavar, styrar og reservestyrrar

- Løyvehavar og styrar/reservestyrrar må fylla vilkåra som er fastsette i Alkohollova §§ 1-7 b og 1-7 c.
- Dei pliktar å følgja reglane i alkohollova, andre relevante lover og føresegner, kommunen sine retningslinjer for alkoholomsetnaden og dei vilkåra som måtte vera fastsette i løyvevedtaket.
- Styrar og reservestyrrar er ansvarlege for at tilsette som står for sal av alkoholholdig drikk gruppe 1 får opplæring i og har nødvendig kunnskap om det regelverket som gjeld til ei kvar tid.
- Løyvehavar pliktar å føra internkontroll i samsvar med FOR 2005-06-08 nr 538, kap. 8.
- Styrar eller reservestyrrar må vera tilsett ved salsstaden eller arbeida der i kraft av eigarstilling. Dersom styrar eller reservestyrrar ikkje er medeigar eller liknande, er det eit krav at vedkommande har eit formelt tilsettingsforhold
- Salsstaden pliktar å melda skriftleg til kommunen umiddelbart dersom styrar/ reservestyrrar sluttar. Salsstaden skal då søkja om godkjenning av ny styrar/reservestyrrar.
- Det er eit kommunalt krav og styrar/reservestyrrar sitt ansvar at alle tilsette til ei kvar tid kjenner innhaldet i alkohollova og dei kommunale retningslinjene.

### 4.3. Tildeling av løyvet

Salsløyve for alkoholholdig drikk gruppe 1 kan som utgangspunkt berre gjevast til vanlege daglegvareforretningar. Dette inneber at løyve ikkje vert gjeve til storkioskar, bensinstasjonar o.l., sjølv om desse også sel daglegvarer.

I særskilde høve kan det gjevast salsløyve til bryggeri med tilvirkingsløyve etter alkohollova kap 6.

#### **4.4. Salstider**

Sal av alkoholholdig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol kan skje innafør følgjande maksimaltider:

- Måndag – fredag (heile året): kl 09.00 – kl 20.00
- Laurdagar: kl 09.00 – kl 18.00

Salstida for laurdagar gjeld også for alle andre dagar før søn- og helgedagar, unntatt dagen før Kristi Himmelfartsdag. Varene må vera betalte (ha passert kassen) innafør dei lovlege salstidene.

#### **4.5. Vilkår knytt til sal av alkoholholdig drikk med høgst 4,7 volumprosent**

I salslokalet skal det henga oppslag som gir tydeleg informasjon om:

- salstidene for sal av alkoholholdig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol i Bømlo kommune,
- aldersgrensa for sal eller utlevering av alkoholholdig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol,
- forbod mot sal eller utlevering av alkoholholdig drikk til rusa personar, og
- kven som er styrar/reservestyrrar for salsløyvet.

## **5. Sal av alkoholholdig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent**

Det skal tildelast eitt løyve for sal av alkoholholdig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4.7 volumprosent i Bømlo kommune, og det er til **AS Vinmonopolet**.

Alkoholholdig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent kan etter Alkohollova § 3-1 berre seljast i butikkar tilhøyrande **AS Vinmonopolet**.

Opningstider for **AS Vinmonopolet** vert med heimel i alkohollova § 3-4, fastsett av Departementet.

## 6. Skjenking av alkohol

### 6.1. Krav til løyvehavar, skjenkestyrar og reservestyrar

- Løyvehavar, skjenkestyrar og reservestyrar må alle fylla vilkåra i Alkohollova §§ 1-7b og 1-7c.
- Dei pliktar å følgja regelverket som er fastsett i alkohollova og kommunen sitt regelverk for alkoholomsetnaden, og dei krav som er fastsette i løyvevedtaket.
- Dei er ansvarlege for at tilsette som står for servering og skjenking får opplæring i og har kunnskap om regelverket som gjeld for dette til ei kvar tid.
- Løyvehavar pliktar å føra internkontroll i samsvar med FOR 2005-06-08 nr 538, kap. 8.

### 6.2. Krav til skjenkelokale (faste løyve)

- Alle etablissement med skjenkeløyve, utan omsyn til omfanget av løyvet, skal ha bygningsmessig god standard.
- Kantiner og kafeteriaer på arbeidsplassar vil *ikkje* kunna få fast skjenkeløyve.
- Restaurantar som ligg i kjøpesenter kan få skjenkeløyve under slike vilkår:
  - Skjenkelokalet må vera tydeleg skilt frå resten av senteret i form av fastmonterte veggjar og dører
  - Når resten av senteret er stengt, må skjenkelokalet ha eigen, separat inngang frå utsida av senteret
- Serveringsstader med skjenkeløyve må oppfylla dei krava som lovgjeving set, dette gjeld m.a. Arbeidsmiljølova, Brann- og eksplosjonsvernlova, Plan- og bygningslova, Tobakksskadelova, Matlova og Generell forskrift for produksjon og omsetning m.v. av næringsmidlar.
- I skjenkelokalet skal det til ei kvar tid henga oppslag som viser kven ved verksemda som er løyvehavar, skjenkestyrar og reservestyrar.
- Like eins skal det henga oppslag som viser kor mange gjester skjenkestaden er godkjent for.

### 6.3. Omfang av løyvet

Løyve til skjenking kan gjelda;

- Gruppe 1; alkoholholdig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol,
- Gruppe 1 og 2; alkoholholdig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent eller
- Gruppe 3; all alkoholholdig drikk (alkoholholdig drikk mellom 20-60 volumprosent alkohol).

#### **6.4. Særlege krav for skjenking av alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 22 volumprosent (faste løyve)**

Søknader vert vurdert av formannskapet i kvart einskild høve.

#### **6.5. Skjenkeløyve om bord i fartøy**

Fartøy som driv med turisttrafikk eller organiserte turar med utgangspunkt i Bømlo kommune, kan gjevast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk på same vilkår som andre serveringsstader. Fartøy som er fast for- tøyde eller oppankra skal med omsyn til skjenkeløyve sjåast på som ein vanleg serveringsstad på land.

#### **6.6. Løyve for kortare tidsperiodar**

I samband med spesielle arrangement og tilskipingar (t.d. messer, revyar, festspel) kan det gjevast almin- neleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent for kortare tidsperiodar etter følgjande reglar:

**Serveringsstad som frå før har alminneleg skjenkeløyve**

kan få utvida område for skjenking innandørs og utandørs – for inntil to månader dersom;

- lokalet stettar dei krav som Mattilsynet og brann- og bygningsstyresmaktene set
- løyvehavaren rettar seg etter eventuelle pålegg frå politiet og kommunale organ vedk. trafikk- og parkeringstilhøve, orden og kontroll
- det ved større arrangement er tilstrekkeleg med toalett i forhold til talet på deltakarar

#### **6.7. Løyve til skjenking ved arrangement i einskilde høve**

**Einskild høve:** Det avgjerande er i hovudsak kor lang tid arrangementet strekkjer seg over.

Generelt kan det seiast at arrangement som strekkjer seg over periodar på 3-6 dagar etter ei konkret vurdering kan reknast som eit einskild høve.

Det kan gjevast løyve til skjenking av all alkoholhaldig drikk ved arrangement i einskilde høve. Vilkår:

- Søkjaren må vera over 20 år
- Ha utvist uklanderleg vandel i høve til alkohollova og anna lovgjeving som har samanheng med alkohollova sine føremål
- Det kan ikkje gjevast skjenkeløyve til idretts- arrangement eller arr. som rettar seg mot barn og unge, eller er ope for barn og unge

- Lokalet må vera i samsvar med dei krav som Mattilsynet og brann- og bygningsstyresmaktene set.
- Arrangøren må retta seg etter eventuelle pålegg frå politiet og kommunale vedtaksorgan vedk. trafikk- og parkeringstilhøve, orden og kontroll
- Ved større arrangement må det vera tilstrekkeleg med toalett i høve til talet på pårekna deltakarar
- Det må liggja føre godkjenning frå brannvernet
- Huseigar/utleigar skal få høve til å uttala seg før løyve vert gjeve

## 6.8. Ambulerande skjenkeløyve til slutta lag

**Slutta lag:** Med slutta lag meinast at det før skjenkinga tar til er danna ein slutta krets av personar, som er samla for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale. Medlemmene av selskapet må danna ein slutta krets av personar, der utanforståande ikkje kan komma inn utan at visse former vert følgde. Deltakarane må ha ei eller anna tilknytning til den eller dei som inviterer til selskapet og til kvarandre.

### Vilkår for tildeling av ambulerande skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk:

- Søkjar må vera ein person over 20 år, eller ein juridisk person som frå før ikkje har skjenkeløyve, eller ikkje har skjenkeløyve for den eller dei alkoholsortane som skal skjenkast.
- Skjenking i medhald av eit ambulerande løyve kan berre skje til deltakarar i slutta lag.
- Det kan ikkje gjevast ambulerande skjenkeløyve til idrettsarrangement eller arr. som rettar seg mot barn og unge
- Det skal ikkje krevjast førehandsgodkjenning av lokala.
- Arrangøren må retta seg etter eventuelle pålegg frå politiet og kommunale vedtaksorgan.

## 6.9. Skjenking i kommunale lokale

### Grunnskular:

- Jfr opplæringslova § 9-5, 2. ledd kan det ikkje gjevast løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk i grunnskular.

### Kombinerte anlegg (anlegg for skule og andre formål):

- Skjenking skal som hovudregel ikkje skje i kombinerte anlegg.
- Jfr. opplæringslova § 9-5, 2. ledd 2. pkt. kan det i særlege høve gjerast unntak når;
  - arrangementet er utanom skuletida
  - arrangementet er for slutta lag, (jfr. definisjon i kap. 4.2.3 i «Håndbok i alkoholloven - Rundskriv IS-5/2008»), som t.d. bryllaup og åremålsdagar.

**Kommunale fritidsklubbar:**

- Skjenking skal som hovedregel ikkje skje i kommunale fritidsklubbar
- Unntak kan gjevast for lokale der tilhøva ligg til rette for tilskipingar for slutta lag
- Formannskapet avgjer etter søknad kva lokale dette skal gjelda for

**Andre kommunale bygningar:**

- Det kan gjevast løyve til skjenking ved opne arrangement i einskild høve (jf. kap. 6.7) og ambulerande skjenkeløyve (jf.kap. 6.8) når tilhøva ligg til rette for dette, og formannskapet har godkjent at slike løyve kan gjevast
- Den kommunalt ansvarlege for forvaltning og drift av bygget har rett til å gi uttale til søknaden og koma med framlegg til særlege krav til arrangementet, før søknaden vert handsama av formannskapet

**For skjenking i kommunale bygg gjeld følgjande særreglar:**

- Det skal ikkje vera arrangement med alkoholservering samstundes som barn/unge er med på aktivitetar ved kommunale bygg
- Når arrangement med alkoholservering skal finna stad, må området vera stengt for barne-/ungdomsaktivitetar i minst to timar før arrangementet tek til
- Området må vera rydda/stengt etter arrangementet med alkoholservering i minst to timar før barne-/ungdomsaktivitetar startar opp att

## **6.10. Krav som gjeld orden og sosial kontroll**

Etablissement som har løyve til skjenking av alkohol, skal til ei kvar tid ha god orden og god sosial kontroll – både i skjenkelokalet, ved inngangen til lokalet og like eins utanfor dette. Ved *skjenking utandørs* gjeld særlege krav, jfr. pkt. 12.

## **6.11. Skjenketider**

Alkoholhaldig drikk vert definert i samsvar med definisjonane i FOR 2005-06-08 nr 538.

- *Alkoholhaldig drikk gruppe 1:* Drikk som inneheld over 2,5 og høgst 4,7 volumprosent alkohol
- *Alkoholhaldig drikk gruppe 2:* Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol
- *Alkoholhaldig drikk gruppe 3:* Drikk som inneheld frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

<b>Innandørs:</b>		
<b>Alkoholholdig drikk</b>	<b>Sundag - torsdag</b>	<b>Fredag – laurdag (natt til laurdag og natt til søndag)</b>
Gruppe 1 og 2	Kl 1200 – kl 0100	Kl 1200 – kl 0200
Gruppe 3	Kl 1300 – kl 2400	Kl 1300 – kl 0100

Skjenketider for fredag og laurdag gjeld og for datoane 30. april, 16. mai og 31. desember.

Unntak: Utvida skjenketider for fredag og laurdag gjeld ikkje Langfredag og ikkje 1. juledag, sjølv om denne dagen fell på ein fredag eller laurdag.

<b>Utandørs:</b>	
<b>Alkoholholdig drikk</b>	<b>Alle dagar</b>
Gruppe 1 og 2	Kl 1200 – kl 2300
Gruppe 3	Kl 1300 – kl 2300

Alt konsum av utskjenkte alkoholholdige drikkevarer må opphøyra seinast 30 minuttar etter at skjenketida er slutt.

#### **Unntak frå reglane om skjenketider:**

- Overnattingsstader kan skjenka alkoholholdig drikk med lågare alkoholinnhald enn 22 volumprosent til overnattingsgjester utan omsyn til avgrensingane i desse retningslinjene, jf. Alkohollova § 4-4
- Skjenking til overnattingsgjester etter dette unntaket skal skje utanfor overnattingsstaden sitt ordinære skjenkeareal, t.d. på gjesteromma eller i resepsjonen

Med overnattingsstad meinast verksemd som driv med utleige av rom mot betaling. Dette gjeld likevel ikkje campinghytter.

- Det kan ved einskildhøve søkjast om utvida skjenketider utandørs i samband med spesielle arrangement og tilskipingar (t.d. messer, revyar, festivalar, festspel)

## **6.12. Skjenking utandørs**

Det blir stilt følgjande krav til utandørs skjenking:

Utandørs skjenkeløyve kan berre gjevast til serveringsstader med løyve til innandørs skjenking.

- a) Skjenkeområdet utandørs skal vera tydeleg fysisk avgrensa og avskjerma, slik at dette har like god tilgangskontroll, alderskontroll og sosial kontroll som for innandørs skjenking
- b) Skjenkestader som får fast løyve til utandørs skjenking, skal avgrensa det aktuelle skjenkearealet med permanente, fysiske løysingar, og der m.a. søyler og gjerdestolpar er fast fundamenterte i grunnen)

- c) Skjenkestader som får løyve for eit mellombels avgrensa tidsrom, skal nytta fysiske avgrensingar som er støypte i flyttbare fundament - like vel ikkje slik at avgrensinga lett kan flyttast av uvedkomande
- d) Høgda på den fysiske avgrensinga (gjerde) skal vera min. 80 cm. – både ved permanent og mellombels avskjerma skjenkeareal
- e) Det er ikkje høve til å fråvika kravet til fysisk avskjerming ved t.d. å nytta blomekassar, urner eller tilsvarande løysingar med bruk av tau eller kjetting
- f) Brann- og bygningsstyresmaktene skal uttala seg om søknaden. Like eins skal politiet og eventuelt Arbeidstilsynet ha høve til å uttala seg om søknaden når dette er naturleg

### 6.13. Geografisk plassering

- Bømlo kommune skal ikkje ha for høg tettheit av skjenkestader på eit avgrensa geografisk område.
- Alle serveringsstader med skjenkeløyve skal til vanleg vera plassert i typiske nærings- og handelsområde. Det skal likevel ikkje gis permanent skjenkeløyve til serveringsstadar som er plassert i eller nær opp til lokale med aktivitetar for barn og unge.
- Det kan gjerast unntak for turist- og næringsetablisement når slike er plassert spesielt med tanke på friluft- og reiselivsføremål i bygg og område som naturleg er innretta for slike føremål. Slike etablisement kan berre få alminneleg skjenkeløyve for alkoholhaldig drikke gruppe 1 og 2.

### 6.14. Særlege vilkår som gjeld for hotellverksemder

I tillegg til skjenking av spisegjester, har hotella høve til å skjenka all alkoholhaldig drikk frå bar

- Skjenketidene ved hotella skal vera som for andre verksemder, men med følgjande **unntak: Hotell med skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk kan skjenka til slutta lag innandørs fram til kl 02.00 alle dagar**
- Hotell som har skjenkeløyve for all alkoholhaldig drikk må gjera skriftleg avtale med slutta lag om utvida skjenking
- Avtalen skal skriftleg godkjennast av skjenkestyrar eller reservestyrar før arrangementet tek til
- Avtalen skal arkiverast ved hotellet og skal leggjast fram for dei kommunale kontrollørane ved kontroll



## 7. Kontroll med sals- og skjenkestader

### 7.1. Gjennomføring av kontrollen

Kommunen sin kontroll med sal og skjenking av alkohol skjer i samsvar med Alkohollova § 1-9. Kontrollen skal gjennomførast på den måten og med det kontrollapparatet som formannskapet til ei kvar tid gjer vedtak om.

Bømlo kommune legg opp til at kvar sals- skjenkestad skal kontrollerast minst ein gong i året.

Årsrapport for kommunen sin kontroll med sals- og skjenkestadar skal kvart år leggjast fram for formannskapet med minst følgjande informasjon:

- Oversyn på tal kontrollar per sal- og skjenkestad.
- Oversyn over avvik som er avdekka.

### 7.2. Prosedyrar og tiltak ved brot på alkohollovgevinga

Følgjande prosedyrar og tiltak skal setjast i verk overfor sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollovgevinga og regelverk gitt i medhald av denne, anna relevant lovgjeving og kommunalt reglement for alkoholomsetnaden:

1. Dersom alkoholkontrollørane etter alkoholkontroll meiner å påvisa brot på alkohollova/ kommunale vedtekter ved sals- eller skjenkestad, skal kontrollørane skriva utfyllande detaljert rapport på fastsett skjema.
2. Kommunale skjenkekontrollørar skal straks levera rapporten til næraste overordna. Innleigde kontrollørar skal utan unødig opphald senda eller levera rapporten til kommunen.
3. Administrasjonen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals- eller skjenkestaden og ber om kommentar, og/eller kallar inn til samtale for å klargjera dei faktiske tilhøva. I slike samtalar skal sals- eller skjenkestaden gjera greie for korleis dei vil syta for at eventuelle brot på alkohollovgevinga og/eller kommunale reglar ikkje skal skje i framtida.
4. Dersom det er påvist lovbrott/ brot på dette reglementet eller plikter som fylgjer av vilkår i løyvet, skal kommunedirektøren straks setja i verk reaksjonar jf alkohollova § 1-8 og tilhøyrande forskrift.

## 8. Klagebehandling

Før klagesaker etter Alkohollova § 1-16 vert sendt Fylkesmannen til avgjerd, skal kommunestyret ha høve til å vurdera den avgjerda som vert påklaga.

## 9. Krav til søknader om sals- og skjenkeløyve

Den som vil søkja om salsløyve for sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 eller skjenking av alkohol, skal leggja fram følgjande dokumentasjon – også ved søknad om fornying av løyve:

- a) Fullstendig og rett utfylt søknad på godkjent søknadsskjema
- b) Opplysningar om namn, adresse og personnummer til den som er ansvarleg for verksemda
- c) Dersom verksemda skal drivast av juridisk person, skal det gjevast opplysningar om organisasjonsnummer og eigarsamansetnad
- d) Namn, adresse og personnummer på styrar og den som er i styraren sin stad og deira tilknytning til verksemda
- e) Opplysningar om skjenkestyrar/reserveskjenkestyrar har bestått kunnskapsprøva om alkohollova

For søknader om skjenkeløyve skal det i tillegg leggjast ved:

- f) Type verksemd. Opplysningar om kvar og korleis verksemda skal drivast. Det må gjerast greie for utforming av interiøret, målgruppe og type stad
- g) Planteikningar over skjenkearealet. Dette skal vera skravert eller fargelagt. Nødutgangar skal vera avmerka
- h) Dokumentasjon av leigetilhøve/eigartilhøve for lokala der verksemda skal drivast
- i) Firmaattest (ikkje eldre enn 2 månader)
- j) Skatte- og avgiftsattest (skatt, arbeidsgjevaravgift, meirverdiavgift) for selskap og impliserte personar, jf. alkohollova § 1-7b. Desse attestane må vera av ny dato.